

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Aurland

Emne: Transport av høy

Bygdelag: Aurland

Oppskr. av: Atle Juul

Gard:

(adresse): Aurland

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Etter konferanse med handelskar Martin Lie, Aurland.

## SVAR


På alle gardar der det er so flatt at det er råd bruka  
kjøyrereidskap, vert no høyet køyrt i hus, antan i høyvogn,  
hjulslede eller taokkaslee. (Uskodde slee).

Der det er bratt og ulendt vert og tildels brukt renne-  
streing eller heis, alt etter so transporten skal opp eller  
ned.

1) Før var det vanleg at dei bar høyet antan heilt heim  
eller til vega\$- (veges). No vert markaslette lite brukta.  
Det minka av etterkvart so det vart ilt om folkahjelp  
Og var omlag slutt her ned i bygdi for so ein 10-15 år  
sidan. Dei vart brukte etter so folka ein var på garden.  
Den hestalause lyt vera "børahest". Han bere på ryggen  
eller der det er flatt brukar han handkjerra.

2) Den tid dei slo i markedn, hadde dei og utløer eller  
markaløer. Hit bar dei so høyet eller rende på streing,  
etterso lendet var til. Til børatog brukar ein no hampa-  
toga, før var det ofta bastatoga (kjøpevara) eller endå  
eldre var reimatoga. Eit høytoga skal vera mestaso 5 fabnar.  
Der det var bratt og langt til hesjar, velte dei graset  
eller la det på nokre bjørkegreiner og drog det. Det  
vart då som ein uvand sloe.

Vintrasloane var meir føreseg gjore. Dei tok so kring  
100 kg. på vintrasloe. Høyet vart lagt på sloen i 2-  
3 rø. Eintok til framme på sloen. Attaste rø var størst.



I ei bør var det 3 faingje. Ei faingja var so mykje du kunde inn i ~~██████~~ fanget. Ei vaksi-bør skulde vega 36 kilo.

Børatoget hadde trehelda. Når børi var pålagd og snørd, for ein føre, ein stakk armane inn i fatlane og tok dei lause togendane over eine oksli. So var det då å koma seg opp med å dra i togendane samstundes so ein rugga litt att og fram med børi so ein fekk henne godt opp på ryggen. Det var sjeldnare det høvde so ein fekk hjelp til å koma på fot. Hadde ein snørt børi slik at helda kom frampå halsen fekk ein "kjeringa-helde" då var det ilt å bera. Og det var no ikkje nett noki æra å koma til gards med kjeringahelda. Med eg var gutonge laut borni vera med å bera, om det no ikkje nett vart so store bører, so for det fyrste. Men dei skulde venjast, og so gjere da kvar si <sup>"</sup> mun, sa musi, meig i sjøen, brukte dei gjerne segja om borni sitt arbeid.

Løypestreing er og vart brukt. Torgeir Terum var den fyrste som fekk seg streng her. Det var i 1880 åri. Her kallast løypestrengen for rennestreng, og me segjer at me renner høy, lau eller ved.

- 3) Høet vart køyrt heim på sumarføre.
- 4) No køyrer ein høyet inn med firhjuls høyvogn, som ofte er frå Moelven Bruk. Mange brukar hjulslede. Han har 2 hjul men ikkje meiar korkje framme eller bak. Storleiken på hjulsledane kann skilja seg noke. Ca. 4 alne lang og knapt 2 alne brei. Skoning vert brukt berre på vintersledar. Lasset gjørast oftast med gjøringatog men stundo med høytong. Aldri meir enn ein hest for sleden eller vogni.

Ein brukar same slag helda på gjøringatog so på børatog.